
Saksnr: 2020/79111-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Invitasjon til å delta i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune takkar nei til å delta i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken og ønskjer kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune lykke til med arbeidet.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til invitasjon som er motteke frå kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune om å delta i ein forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Invitasjon til deltakelse i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken
- 2 FT sak 158-2020 Haugalandspakken - Forvaltningsrevisjon - Prosjektmandat
- 3 Mandat Haugalandspakken

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet mottok 14.12.2020 vedlagte invitasjon frå kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune til å delta i ein forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken, jf. vedlegg 1 - 3.

Av invitasjonen går det fram at fylkestinget i Rogaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 158/2020 i møte 08.12.2020:

1. *Kontroll- og kvalitetsutvalget gjennomfører en forvaltningsrevisjonsundersøkelse med tema Haugalandspakken i samsvar med vedlagte mandat.*
2. *Mandatet for forvaltningsundersøkelsen av Haugalandspakken godkjennes.*
3. *Kontrollutvalgene i deltakende (fylkes-) kommuner i Haugalandspakken inviteres til å delta i forvaltningsrevisjonen.*
4. *Merkostnader som følger av et kontrollutvalgs tilføyelser i prosjektmandatet, bekostes av det kontrollutvalget som har initiert endringen.*
5. *Kontroll- og kvalitetsutvalget gis myndighet til å godkjenne tillegg/justeringer i mandatet, som følge av andre (fylkes-) kommuners deltakelse i forvaltningsrevisjonen.*

Av mandatet det vert vist til i punkt 2 i vedtaket går det fram at forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

«Formålet med prosjektet er å evaluere den overordnede styringen av Haugalandspakken for å danne et grunnlag for organisatorisk læring.»

Vidare går det fram at prosjektet har slike problemstillinger:

1. *Forutsetninger og porteføljestyring*
 - *Hvilke forutsetninger lå til grunn for Haugalandspakken? Og har forutsetningene blitt endret underveis?*
 - *Både forutsetninger som lå til grunn for pakken og statlige krav/føringer.*
 - *Hvordan fungerte porteføljestyringen for prosjektene i pakken?*
 - *Herunder vurderes bakgrunnen for endringer i opprinnelige prognoser.*
2. *Rapportering og beslutningsprosesser*
 - *Hvordan har beslutningsprosessene og rapporteringsflyten i Haugalandspakken fungert?*
3. *Enkeltprosjekter*
 - *I hvilken grad har beslutningsprosessene, planlegging og rapporteringen i enkeltprosjektene fungert på en god måte?*
4. *Læring*
 - *Hvilke lærdommer kan trekkes fra gjennomgangen av Haugalandspakken?*

Det går også fram at Rogaland Revisjon IKS skal gjennomføre forvaltningsrevisjonen og at dei har eit tidsanslag på 500 timar for arbeidet.

Vi svarte tilbake til kontrollsjefen i Rogaland fylkeskommune 17.12.2020 at invitasjonen ville verta lagt fram for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune til handsaming i neste møte, 17.02.2021.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram av Statens vegvesen sine heimesider at Rogaland fylkeskommune er vegeigar av Haugalandspakken, <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/haugalandspakken>

Meir informasjon om Haugalandspakken er og å finna på denne lenkja:

<https://www.rogfk.no/vare-tjenester/samferdsel/bompengeprosjekter/haugalandspakken/>

Av denne informasjonen går det m.a. fram at det er få av prosjekta i Haugalandspakken som gjeld vegar som Vestland fylkeskommune har ansvar for. Denne forvaltningsrevisjonen er slik sekretariatet ser det difor noko perifer i høve kontrollutvalet Vestland fylkeskommune sitt ansvar.

Det er også slik at bompengeprosjekt, som Haugalandspakken, ikkje ein del av det som er prioritert i vedteken plan for forvaltningsrevisjon i Vestland fylkeskommune.

Sekretariatet har hatt munnleg dialog med kontrollsjefen i Rogaland fylkeskommune der det m.a. kom fram at kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune vil ta heile kostnaden med gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen på bakgrunn av mandat som no ligg føre. Dersom andre inviterte kontrollutval ønskjer at det skal fokuserast på fleire problemstillingar enn det som ligg i dette mandatet må utvalet dekke kostnaden med dette sjølv.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at kontrollutvalet takkar nei til å delta i denne forvaltningsrevisjonen og ønskjer kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune lykke til med arbeidet.